

Cupsuksess på sidelina

Sport side 18 og 19



Ein ny våg i Ulvik

Kultur side 10 og 11

Kraftfondet snører kranen til Vossabadet

Klaus Skjeldal (Ap) og styrekollegaene i kraftfondet vil bidra til ein viss grad for Vossabadet. Men dei vil ikkje gå med på å betala ut 22,5 millionar kroner samla frå fondet over dei neste 25 åra. Det ligg dermed an til

dragkamp om pengane i fondet på alle frontar. – Kraftfondet disponerer over fem millionar årleg. Det er ein betydeleg ressurs, og bruken må diskuteras, seier ordførar Hans-Erik Ringkjøb (Ap). Side 2 og 3

■ BADNATEIGEN

Bestemor **Ragnild Tveite** (73) har høyrte om folk som har vorte merka for livet etter vonde opplevingar, men kan ikkje sjølv minnast å ha vorte plaga som born. «Mobbing» var ikkje oppfunne. – Etter krigen var me ikkje så opptekne av merkelede og den slags. For **Agnes Gilbakken** (6) er det berre eit merke som gjeld – Zero – på lua som bestemor har strikka. Midten

Null mobbing!



FOTO: INGERID JORDAL

Cruisesvikt for fjordane

Nye miljøreglar set ein stoggar for verstingane mellom cruisebåtane. **Hardangerfjorden** vert hardast råka, men også i **Flåm** er det venta nedgang i cruisetrafikken. Side 4



Merkevare: kommunen

Trebygda: Er det berre treskallar i Granvin? **Sniglebygda:** Bur det berre treigingar i Ulvik? Hardangerkommunane har innsett at fjell og fjordar ikkje er nok for å få merksemd. Side 12 og 13





Visste du at..

norsk lov gjev alle rett til å ikkje verta mobba på skulen. Det betyr at skulen, og dei som jobbar der, har plikt til å gjere noko med det dersom nokon vert mobba. Nesten ein av ti elevar i skulen vert mobba, og om lag fem prosent av elevane utset andre for mobbing ofte. Også vaksne kan mobba. Om lag ein av tjue vaksne kjenner seg mobba på arbeid.

Kjelde: Store Norske leksikon



VERA SNILL: Agnes Gilbakken (6) meiner det er viktig å vera snill med kvarandre. Men ho veit kva mobbing er. Det gjorde ikkje besto Ragnhild Tveite (73) då ho var på Agnes sin alder.



IKKJE KJEKT: Anders (8) og Eirik (7) Gilbakken går i tredje klass

– Me visste ikkje kva mobbing

Agnes er seks år og veit godt kva mobbing er. Då bestemor Ragnhild var lita, var ikkje ordet funne opp ein gong.

– Hei, bestemor!

Agnes (6), storebror Anders (8) og syskenbarnet Eirik (7) får skyss heim frå skulen i dag. Dei tre heiter alle Gilbakken til etternamn, og går på Oppheim skule. Bestemor Ragnhild Tveite (73) gjekk sjølv på skule i området for over 60 år sidan. Mykje har endra seg sidan den gong ho var lita. Ungar frå fem til ti år strøymer ut av skulen. På hovudet har fleire av ei hue der det står «Zero». – Zero tyder å vera snille med kvarandre, seier Agnes.

– Nehei, det gjer det ikkje, seier Eirik. Det tyder «null»! På engelsk.

– Null kva då?
– Null mobbing!
– Kvifor skal det vera null mobbing?
– Fordi det ikkje er kjekt. Me vil ikkje ha mobbing.

– For då må me inn til rektor. Anders veit at det er skilnad på mobbing og erting.

– Syskjen ertar kvarandre. Me ertar kvarandre kvar dag, seier Anders og ser på systra.

Han har sett andre vorte mobba. Og kanskje vorte litt mobba sjølv.

– Ja, det har eg, nokre gongar i alle fall, meiner Anders. Men ikkje noko store ting.

– Om me ser mobbing, kan me skriva det på ein lapp, og leggja i ein kasse, som rektor les.



KLEDD MOT MOBING: Bygdekvinnelagene på Vossestrand har strikka til saman 140 zero-huer til skuleborna på Oppheim. Huene vart delte ut til alle elevane frå fyrste til fjerde klasse på fyrste skuledag.



Antimobbeprogrammet Zero

Zero er eit program mot mobbing som er laga av av Universitetet i Stavanger. Alle skulane på Voss, og nokre av barnehagane, er med i dette programmet. Her lærer både born og dei vaksne å hindre at nokon vert mobba, og korleis dei kan stogge det.



...e. – Mobbing er ikkje kjekt, seier dei.

TØFF FOTBALL: Eirik gjer seg klar for fotballen, men må sjå på plastgeværet til Anders fyrst. Bestemor er ikkje like imponert. Agnes gler seg til ho kan byrje på fotball, sjølv om ho har sett på TV at spelarane ikkje alltid er like greie med kvarandre.

var for noko

– Har nokon av dykk mobba andre?
– Nei, meiner dei tre bestemt.
– Dei i klassen seier at eg tøffar meg kvar dag. Men det gjer eg ikkje. Ikkje kvar dag, seier Eirik.
Besto Ragnhild og resten av bygdekvinnelagene på Vossestrand har denne hausten strikka Zero-huene til alle i fyrste, andre, tredje og fjerde klasse på Oppheim skule. Agnes har ei fin, lyseblå hue på hovudet, med antimobbemerket Zero godt synleg. Men då besto sjølv var seks år, hadde ho aldri høyrte om mobbing.
– Me kunne ikkje det ordet, eg trur ikkje det fanst. Heller ikkje då mine born vaks opp. Me kalla det erting og plaging.
Sjølv opplevde ho ikkje ordentleg plaging som ho kan hugse.

– Eg høyrer og les om dei som har slitt med det heile livet. Vaksne folk som dreg på jubileum med klassa med ein vond smak i munnen. Så det fantest jo absolutt.
– Det var nok sorten, meiner mannen hennar, Olav.
– Men det var ei anna tid. Like etter krigen. Folk hadde det annleis, og me var til dømes ikkje opptekne av merker på kleda og slikt. Det fanst jo ikkje.
Eirik og Anders er opptekne av ein ting som står på kleda, og det er om det står Brann eller Sogndal. Begge har bytt etter skulen, og sit no i kvar si drakt, klare for å dra på fotballtrening. Krangelen om kva lag som er best, tek ikkje slutt. Fotball er viktig og kjekt. Men dei tykkjer ikkje alltid spelarane dei ser på TV er snille med kvarandre.

– Neymar vart dytta i ryggen så han vart skada.
– Det var ikkje hyggeleg gjort av han andre!
– Kvifor gjorde han det då, trur du?
– For at han ville ha ballen, vel, seier Anders.
– Men hadde du gjort det same, då?
– Nei! Det ville eg ikkje. For det var ikkje snilt.



INGERID JORDAL | tekst og foto
ij@avisa-hordaland.no